

Årsrapport for 2013

Innhald

1	Innleiing.....	1
2	Måloppnåing.....	3
2.1	Hovudmål 1: Forvaltninga skal vere godt organisert, leidd og ha riktig kompetanse.....	3
2.1.1	Delmål 1.1: Statsforvaltninga skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag for reformer og utviklingstiltak.....	5
2.1.2	Delmål 1.2: Statsforvaltninga skal ha kompetente leiarar og medarbeidarar.....	8
2.1.3	Belastningsfullmakter.....	12
2.2	Hovudmål 2: Offentleg sektor skal utnytte digitalisering til å tilby betre tenester og stø opp om oppgåveløysinga.....	15
2.2.1	Delmål 2.1: Forvaltninga skal ha tilgang til nasjonale felleskomponentar.....	16
2.2.2	Delmål 2.2: Statlege verksemdar skal tilby sikre digitale tenester med høg bruksverdi for innbyggjarar.....	20
2.2.3	Belastningsfullmakter.....	27
2.3	Hovudmål 3: Offentleg sektor skal gjennomføre samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta anskaffingar.....	28
2.3.1	Delmål 3.1: Offentlege oppdragsgjevarar sin kompetanse og evne til å sikre god organisering og styring og effektive og kvalitetsretta anskaffingar er styrkt.....	30
2.3.2	Delmål 3.2: Det er auka utbreiing av elektroniske verktøy i anskaffingsprosessane.....	33
2.3.3	Belastningsfullmakter.....	36
3	Styringskrav og organisasjon.....	37
3.1	Organisasjon.....	37
3.2	Styringskrav.....	38
3.2.1	Jobbstrategi for unge personar med nedsett funksjonsevne.....	38
3.2.2	Oppfølging av lærlingar.....	38
3.2.3	Krav og forventningar av fast karakter.....	39

Vedlegg

Vedlegg 1: Større utgreiingsprosjekt

Vedlegg 2: Rådgevingsmøte, presentasjonar og føredrag

Vedlegg 3: Møteplassar arrangerte av Difi

Vedlegg 4: Difi-publikasjonar og -prosjekt omtalte i media og på nettsider

Vedlegg 5: Kurs, seminar og konferansar

Vedlegg 6: Forklaringar til statsrekneskapet

Vedlegg 7: Oppdrag finansiert av andre departement - belastningsfullmakter

1 Innleiing

Difi sitt mål er å utvikle og fornye offentleg sektor. For å få til det må vi utfordre etablert praksis og følgje utviklinga i forvaltninga. Det krev riktig kompetanse og evne til å forstå utfordringane i forvaltninga. Forvaltningskunnskap er nødvendig for å kunne bidra til digitalisering, betre leiing, kompetanse og organisasjonsutvikling i forvaltninga. Vi har avgrensa verkemiddel, og er avhengige av tillit og eit godt samarbeid med ulike delar av forvaltninga. Det inneber enkelt sagt at vi må levere kvalitet.

Gjennomføringsevna i forvaltninga

Norsk forvaltning skårar jamt over høgt i internasjonale samanlikningar, men det er også forbettringsområde. I 2013 har Difi særleg sett på gjennomføringsevna i forvaltninga.

Vi har analysert direktorata si rolle i gjennomføringa av politiske mål, leiarane si rolle i gjennomføringa av digitaliseringsprosessar og røynsler med fornyings- og effektiviseringsprosessar.

Difi har i fleire rapportar peika på at digitalisering er ein av dei viktigaste drivarane for ei god forvaltningsutvikling. Mange av omstruktureringane og endringane i staten dei siste åra ville ikkje vore moglege utan bruk av ny teknologi og digitale arbeidsformer.

Digitalisering

Talet på digitale tenester aukar, og fleire tek dei i bruk. Utviklinga går riktig veg, men biletet er framleis i for stor grad prega av nedlastbare skjema på nett, og lite avanserte tenester. Det er framleis behov for monaleg innsats for å nå målet om at forvaltninga utnyttar digitalisering fullt ut.

Difi si innbyggjarundersøking viser at stadig fleire innbyggjarar føretrekkjer å bruke digitale tenester, og at dei stort sett er nøgde. Ulike brukargrupper krev meir heilskaplege og brukarvenlege tenester frå offentleg sektor, men å involvere brukarane når ein lagar digitale tenester, er ei utfordring for verksemdene. Brukarmedverknad og forenkling vil derfor stå sentralt i digitaliseringsarbeidet i tida framover.

Arbeidet med den digitale plattformen har vore høgt prioritert også i 2013. Kvaliteten på ID-porten, transaksjonsvolum og utbreiing medverkar sterkt til høg bruk av dei digitale tenestene. Vi er godt i gang med å planleggje og etablere ei digital postteneste for innbyggjarane som skal setjast i produksjon i november 2014. Eit felles register over den digitale kontaktinformasjonen og reservasjonsstatusen til innbyggjarane vart teke i bruk 10. februar 2014. Desse fellesløysingane blir sentrale bidrag til auka digitalisering i åra som kjem. Det viktigaste arbeidet med digitalisering skjer likevel i den enkelte verksemda. Difi bidreg med rettleiingsmateriell, kvalitetsmålingar og rapportar. Arbeidet i Skate er styrkt, og forståinga for å etablere heilskaplege løysingar som legg til rette for samhandling mellom dei ulike statlege sektorane, er aukande.

Men mange av tiltaka til Difi, som til dømes prosjektvegvisaren, statusrapportar og kvalitetsmålingar, treffer i hovudsak fagpersonar i verksemdene. Vi bør derfor i større grad prioritere tiltak som aukar den strategiske digitale kompetansen hjå leiarane framover.

Opne data og innovasjon

Auka merksemd om og betre forvaltning av informasjonen i verksemdene, er ein nøkkel til å fornye, forenkle og forbetre offentleg sektor. God informasjonsforvaltning bidreg til meir og betre utnytting av verdiane som offentleg informasjon representerer gjennom auka gjenbruk og vidarebruk, og legg samstundes grunnlaget for god informasjonstryggleik. God kvalitet i og enkel tilgang til dei nasjonale grunndataregistera er openbert sentralt i denne samanhengen, til liks med arbeidet med opne data og kampanjen Apps4Norge. Vi ser stadig fleire som erkjenner at gode og innovative anskaffingar er viktige for å stø verdiskaping og å realisere strategiske mål. Sjølv om utviklinga er positiv, er det framleis mykje å strekkje seg etter. Difi vil derfor både styrkje det faglege anskaffings- og innkjøpsmiljøet i forvaltninga, og skape forståing for at gode anskaffingsstrategiar er eit viktig bidrag til styring og utvikling av forvaltninga.

Difi arbeider mykje med å leggje til rette for digitale anskaffingsprosessar. Omsetning og talet på offentlege verksemder på Ehandelsplattforma har auka vesentleg, og vi ser ei god utvikling i bruk av elektronisk faktura.

Kompetanseutvikling

E-læringsprogram, kurs, seminar og konferansar er viktige verkemiddel Difi bruker for å auke kompetansen på fagområda våre i forvaltninga. Over 13.000 personar brukte kompetanseutviklingstilbodet frå Difi i 2013, 5.568 av desse er registrerte som brukar av eit e-læringsprogram. Vi har eit ansvar for å bidra til at verksemdene bruker ressursar til kompetanseutvikling målretta og planmessig, og i tråd med den beste kunnskapen om kva som gjev god læring. Mot slutten av året gjorde regjeringa eit vedtak om oppstart av arbeidet med digital læringsplattform i staten. Dette vil ha hovudprioritet i åra framover.

Gode resultat

Sjølv om effekten av Difi sitt arbeid ikkje alltid er enkel å dokumentere, viser årsrapporten ei positiv utvikling og gjennomgåande gode resultat. I halvårsrapporten peika vi på enkelte oppgåver med moderat risiko. Desse er følgde opp, og status kjem fram av omtalen på relevant stad i årsrapporten.

Oslo, 28. februar 2014



Ingelin Killengreen
direktør

2 Måloppnåing

2.1 Hovudmål 1: Forvaltninga skal vere godt organisert, leidd og ha riktig kompetanse

Norsk forvaltning skårar jamt over høgt i internasjonale samanlikningar, men det er også forbetningsområde. I etterkant av rapporten frå 22. juli-kommisjonen har det vorte sett eit spesielt søkjelys på utfordringar knytte til forvaltninga si evne til samordning og gjennomføringsevne. Dette har også vore førande for ein del av Difi sine aktivitetar i 2013.

Organiseringa av forvaltningsapparatet er eit kjerneområde for Difi. I 2013 har vi sett spesielt på organiseringa av nivået under departementa, dvs. direktorat og uavhengige forvaltningsorgan. Desse forvaltningsorgana har vore i kraftig vekst dei siste åra, og det har derfor vore naturleg å sjå kritisk på dette nivået med tanke på oppgåver, rolleforståing, ressursbruk, organisering og styring.

Difi har i fleire tidlegare rapportar trekt fram at gjennomføringsfasen får for lite merksemd i avgjerdsprosessen. I 2013 har vi belyst dette spørsmålet frå ulike kantar. Vi har analysert direktorata si rolle i gjennomføringa av politiske mål, leiarane si rolle i gjennomføringa av digitaliseringsprosessar og røynsler med fornyings- og effektiviseringsprosessar. Gjennomføringsevne var også bakteppet for Forvaltningskonferansen 2013, og det var eit viktig tema for Medarbeidarundersøkinga 2013.

I følgje OECD (2013) er tverrdepartemental koordinering ei av hovudutfordringane for politikkutvikling i det norske systemet. Fleire Difi-rapportar har tematisert samordning som både ei utfordring og eit potensial i sentralforvaltninga. Blant anna gjeld dette realiseringa av ambisjonar på digitaliseringsområdet knytt til mangel på heilskapleg og samordna styring og finansiering av felleskomponentar og digitale løysingar. Undersøkingar frå Difi over tid tyder på at samordningsutfordringane er eit vedvarande problem i forvaltninga. Vi har derfor i 2013 sett i gang eit større arbeid for å auke kunnskapen om korleis samordninga kan betrast. Arbeidet held fram i 2014.

God leiing er avgjerande for å få ei god statleg forvaltning, og det er behov for å byggje opp ein meir resultatorientert leiarsskap i staten. Dette krev større handlingsrom for leiing gjennom betre mål- og resultatstyring. Mange offentlege verksemdar har i 2014 vore igjennom eller starta opp leiarutviklingsprosessar, og tema som gjennomføringsevne, styringsrett og resultatoppfølging har vore sett på dagsorden. Difi har medverka i arbeidet ved å setje søkjelys på desse utfordringane i ulike samanhengar; på statens toppleiarakonferansar, seminar og dialogmøte, og gjennom ulike verktøy og leiingsutviklingstilbod som verksemdene og leiarane har brukt i sitt eige utviklingsarbeid.

I medarbeidarundersøkinga 2013 var vi opptekne av å få fram medarbeidarane si oppleving av gjennomføringsevne.

Vi har gjennom 2013 lagt særleg vekt på å skape forståing for at god leiing også føreset strategisk ikt-forståing, gode innkjøpsstrategiar og evne til innovasjon.

I vår kunnskapsintensive forvaltning er kompetansen hjå dei tilsette den viktigaste kapitalen verksemdene har. Strategisk kompetanseutvikling er derfor avgjerande for forvaltninga si evne til å nå måla sine. Det blir årleg brukt rundt 2 mrd. kroner samla på kompetanseutvikling i statsforvaltninga. Difi har eit ansvar for å bidra til at verksemdene bruker desse midlane målretta og planmessig og i tråd med den beste kunnskapen om kva som gjev god læring. I 2013 har vi ferdigstilt og teke i bruk "La stå!", Difis pedagogiske rettleiar om verksemdsintern kompetanseutvikling. I tillegg har vi har evaluert eigne tilbod og kartlagt behov, og i tråd med resultatata vidareutvikla tilboda våre, både som e-læring og ordinære kurs, seminar og konferansar. Mot slutten av året fatta regjeringa eit vedtak om oppstart av arbeidet med digital læringsplattform i staten. Forprosjektering av arbeidet kom så vidt i gang i 2013, og dette arbeidet vil ha hovudprioritet i åra framover.

Forvaltninga skal levere gode tenester til innbyggjarane. Innbyggjarundersøkinga 2013 viser at brukarar i stor grad er nøgde med offentlege tenester. Arbeid og forsking Difi gjer, og røynsler frå verksemdene viser også at brukarane sine synspunkt blir tillagde større vekt no enn tidlegare. Framleis er det likevel sånn at verksemdene ikkje alltid greier å involvere brukarane på ein god måte. Difi har i 2013 gjennomført ei undersøking som belyser korleis verksemdar kan involvere brukarar og tilsette i effektiviserings- og fornyingsprosessar.

Difi har i mange rapportar peika på at innføring av ny teknologi er ein av dei viktigaste drivarane for forvaltningsutvikling. Mange av omstruktureringane og endringane i staten dei siste åra ville ikkje vore moglege utan ny teknologi og digitale arbeidsformer. Ny teknologi gjer det i prinsippet mogleg å viske ut tradisjonelle skilje mellom organisasjonar, sektorar og forvaltningsnivå og utvikle heilt andre former for brukarretting og brukarmedverknad. Ei utfordring framover vil bli å møte og vareta stadig sterkare krav frå ulike brukargrupper om meir heilskaplege og brukarvenlege tenester frå offentleg sektor. Då blir det viktig å sjå offentleg sektor under eitt. For dei fleste brukarar spelar det lita rolle om tenesteeigar er statleg, kommunal eller ein privat aktør finansiert med offentlege midlar. I lys av dette vil det bli meir fokus på felles infrastruktur og løysingar, ikkje berre innanfor staten eller kommunesektoren, men også på tvers av forvaltningsnivåa.

Utvikling av felles teknologiske løysingar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå krev innovasjon. Fleire statlege verksemdar arbeider med innovasjon og har uttrykt forventning om at Difi tek ei aktiv rolle i offentleg sektor. Hausten 2013 etablerte vi eit «Innovasjonsnettverk» for offentleg sektor. Nettverket er i ein startfase. Utover 2014 vil Difi konkretisere rolla si i innovasjonsarbeidet i stat og kommune.

2.1.1 Delmål 1.1: Statsforvaltninga skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag for reformer og utviklingstiltak

Resultatmål 1: Prioriterer tema for arbeidet sitt der potensialet for forbedring av forvaltninga er stort og Difi har særskilte føresetnader for å bidra.

Difi har eit spesielt ansvar for å ta opp problemstillingar og skaffe fram kunnskap om tverrgåande tema som vi ser vil vere viktige for å utvikle ein velfungerande statleg sektor. Prioriteringane blir gjorde i samsvar med føringar i tildelingsbrev og andre styrande dokument. Den viktigaste kunnskapskjelda vår for kva behov norsk forvaltning har, får vi gjennom analyse- og kartleggingsarbeidet vårt, ulike seminar og møteplassar og dagleg kontakt med ulike delar av forvaltninga. Med jamne mellomrom gjer vi også eigne undersøkingar der vi systematisk kartlegg utviklingstrekk og utfordringar. I 2013 har vi sett i gang eit slikt prosjekt - «Utviklingstrekk etter 2000-årsskiftet».

I 2013 har Difi spesielt retta merksemda mot direktorata si rolle i gjennomføring av politiske mål, organiseringa av uavhengig myndigheitsutøving, forvaltninga si evne til samordning, forvaltninga si evne til å kommunisere klart med innbyggjarar og næringsliv og utviklinga av ei digital forvaltning.

Å sjå kritisk på direktorata si rolle er ein naturleg oppfølgjar av tidlegare Difi-undersøkingar som Hva skjer i departementene (Difi-rapport 2011:11), Statens styring av kommunane (Difi-rapport 2010:4) og Direktoratata si faglege rolle (Difi-rapport 2008:14). Direktoratata spelar ei stadig meir sentral rolle i det norske forvaltningsapparatet, og i tillegg synest dei også å ha vakse uforholdsmessig mykje. I 2013 gav Difi ut to rapportar som belyste direktorata si rolle i gjennomføring av nasjonale mål – «Merverdi eller unødig omvei? Om direktoratenes rolle i gjennomføring av nasjonal politikk» (Rapport 2013:11) og «Direktoratenes rolle i statens styring av kommunene» (Rapport 2013:14).

Av Difi sin rapport «Uavhengig eller bare uavklart? Organisering av statlig myndighetsutøvelse» frå 2012 blir det konkludert med at det har vore ein sterk vekst i talet på uavhengige forvaltningsorgan, dvs. at departementa er avskorne frå å instruere saksbehandling og vedtak i underliggjande organ. Veksten har skjedd sektorvis og ad-hoc. Klagenemnder utgjer ein stor del av desse uavhengige organa. I 2013 har Difi sett nærare på organiseringa av klagenemndene, og samanstilt argument i diskusjonen om forvaltningsdomstol. I tillegg har vi med utgangspunkt i den sterke veksten av uavhengige forvaltningsorgan arbeidd med eit prinsippnotat om kva som påverkar legitimiteten til offentlege myndigheitsorgan, og korleis ein kan sikre seg at uavhengig myndigheitsutøving blir opplevd som legitim.

Organisasjonsutvikling og digitalisering er uløysleg knytte saman. På den eine sida har digitalisering vore ei av dei viktigaste drivkreftene for organisasjonsutvikling og endring av tenestetilbod dei siste åra (Difi-rapport 2012:12).

På den andre sida er det uråd å lukkast med digitalisering utan å ta inn over seg at dette handlar om organisasjonsutvikling og endringsleing (Difi-rapport 2013:5). Våre funn viser at leiarar og medarbeidarar sin digitale kompetanse og merksemd på vinstrealisering og forbetringar, er sentrale suksessfaktorar. Skal digitalisering bli eit strategisk verkemiddel for forvaltninga, må den digitale kompetansen i forvaltninga forsterkast, ikkje minst på leiarnivå.

Difi har i fleire år arbeidd med prosjektet Klart språk i staten. I 2013 vart prosjektet avslutta og evaluert. Evalueringa viser at Klarspråk «verkar», men ho slår fast at dersom dette skal få meir varige effektar, er det behov for ei framleis sentral satsing. Difi sitt arbeid med klarspråk har i 2013 vore dominert av den nye satsinga vår på godt lovspråk. Dårleg lovspråk er ein tidstjuv og eit trugsmål mot rettstryggleiken. Vi har etablert eit godt samarbeid med UIO, lovavdelinga i JD, Juristforbundet og statlege verksemder som har sagt seg villige til å vere med på eit utviklingsarbeid med å få fire aktuelle lover i ei ny språkdrakt.

Omtalen over viser at Difi i 2013 har prioritert område der forbettingspotensialet er stort, og der Difi har særskilte føresetnader for å bidra.

Resultatmål 2: Leverer produkt som har høg fagleg kvalitet.

Strategisk samarbeid med fag- og forskingsmiljø er eit viktig tiltak for å sikre høg kvalitet. Slikt samarbeid har vorte prioritert på fleire område. Innbyggjarundersøkinga blir vidareutvikla i nært samarbeid med universitet, høgskular, SSB og ekspertar frå marknads- og meningsmålingsinstitutt. Arbeidet med «Klart lovspråk» finn stad i eit tett samarbeid med Universitetet i Oslo, lovavdelinga i Justisdepartementet og ulike fagdepartement. Prosjektet «Statleg myndigheitsutøving» er eit resultat av samarbeid med det juridiske miljøet på Universitetet i Oslo og Universitetet i Agder som begge har gjeve innspel til arbeidet med forvaltningsdomstolar og klagenemnder. Mange av forvaltningsutfordringane er komplekse og samansette. Dette krev at også kunnskapsgrunnlaget som skal utvikle forvaltninga, må byggje på eit breitt tilfang av kompetanse frå ulike miljø. Forskingsmiljøa og andre aktuelle kompetansemiljø vil derfor vere sentrale samarbeidspartnarar i tida framover.

Difi har alltid lagt vekt på å ha god dialog med forvaltninga før, under og etter prosjektgjennomføring. Det er viktig for å sikre legitimitet i arbeidet som blir gjort. Blant anna fordi problemstillingane er komplekse, kan det ta tid før oppdragsgjevar konkluderer og eventuelt følgjer opp tilrådingar. Vi nemner at Difi sitt framlegg i evalueringa av Bioteknologinemnda (gjennomført i 2012) er følgt opp ved nyoppnemning av nemnda i desember 2013. Talet på medlemmer vart redusert og namnet vart endra til Bioteknologirådet. Rapporten vil, ifølgje Helse- og omsorgsdepartementet, også bli brukt i eit vidare arbeid med forskriftsendringar. Evalueringa av Politidirektoratet i 2013 var del av arbeidet med NOU 2013:9 *Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer*.

I eit langsiktig perspektiv er det viktig å sikre at det finst gode, oppdaterte og tilgjengelege databasar med informasjon om forvaltninga.

Mange slike databasar har vorte nedprioriterte, og utsiktene for gode analysar er svekt. Effektiviteten i innsamling og gjenbruk er for svak. Saman med departementet tok Difi i 2013 eit initiativ til å drøfte behov og utviklingspotensialet for dei aktuelle databasane. Difi vil utforme ein plan for å utvikle dagens Forvaltningsbase til ein meir heilskapleg databank som kan dekkje forvaltninga sitt behov for forvaltningsstatistikk inkludert å leggje betre til rette for moderne formidling, utnytting, grafikk og illustrasjonar. Eit godt og dekkjande datagrunnlag er viktig for at produkta frå Difi kan halde høg kvalitet.

Frå tid til anna er det nødvendig å hente inn uavhengige vurderingar av kvaliteten på produkta våre. I 2014 vil vi få gjort ei ekstern evaluering av rapportserien for 2013. Dette vil vere eit viktig bidrag i vårt kvalitetsvurderingsarbeid.

Omtalen over viser at arbeidsmåten vår medverkar til å heve kvaliteten i produkta våre.

Resultatmål 3: Formidlar kompetansen sin på ein måte som når ein stor del av den relevante målgruppa og blir oppfatta relevant av desse.

Det er viktig å få til ein god balanse mellom direkte kontakt og rådgjeving med enkeltverksemder og formidlingsaktivitetar som rapportar, konferansar og seminar som har eit breiare nedslagsfelt. Vi har som ambisjon å vere ein lett tilgjengeleg samtalepartnar som stiller opp på rådgjevingsmøte med departement og direktorat ved behov (sjå vedlegg 2). Kontakten med enkeltverksemder gjev oss verdifull kunnskap om behov og problemstillingar som bør takast opp i ein breiare samanheng.

Det er vanskeleg å ha ei kontinuerleg måling av effektar av alle formidlingsaktivitetar. Frå evalueringa av enkeltprosjekt som Klarspråk-prosjektet¹ ser vi at innsatsen vår utløyser positive effektar i forvaltninga når vi tek ei rolle som fagleg nav og knyter saman fagekspertise og brukarar i forvaltninga. Evalueringa viste at arbeidet som har vorte lagt ned av Difi, Språkrådet og i dei enkelte verksemdene har vore stor og har nådd ut til eit stort tal verksemder. Vi vil derfor utvikle denne arbeidsforma også på andre område der vi ser at det kan vere nyttig.

Evalueringar av seminar, konferansar og andre møteplassar viser at deltakarane i hovudsak er godt nøgde. Forvaltningskonferansen med tittelen «*Direktoratene – merverdi eller unødig omvei?*», hadde ca. 330 deltakarar med god spreing på ulike sentraladministrative organ og fekk høg skår frå deltakarane i evalueringa.

Difi sitt arbeid med innbyggjarundersøkinga gjer oss i stand til å formidle kunnskap om kor tilfredse innbyggjarane og brukarane er med statlege og kommunale tenester. Undersøkinga skal danne eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet forvaltninga gjer med kvalitet og brukarretting.

¹ Prosjektet vart evaluert i 2013 av Ideas2evicence

Difi har rettleidd og gjennomført analysar for fleire direktorat og etatar. Tilbakemeldinga frå verksemdene er at dei bruker data både i formidlings-, strategi- og utviklingsføremål. Vi har også merka ein aukande interesse frå forskingsmiljø. Ei rekkje artiklar viser at resultatata frå undersøkinga blir brukte som referansar.

Vedlegg 4 gjev ei oversikt over medieomtale av Difi sitt arbeid. Så vel innbyggjarundersøkinga som medarbeidarundersøkinga har fått mykje og vedvarande mediemerksemd og er viktige kjelder for politikarar og avgjerdstakarar på ulike nivå.

Gjennomgangen over viser at vi formidlar på ein måte som når målgruppene våre, men vi ser også at det er behov for å utvikle nye og betre metodar for formidling.

I 2013 sette vi i gang utviklingsprosjektet; «Opp med kunnskapen» som skal utforske nye metodar og kanalar for formidling som kan supplere det vi gjer i dag.

Vi ynskjer særleg å teste ut høva for visualisering i rapportar og på nett.

2.1.2 Delmål 1.2: Statsforvaltninga skal ha kompetente leiarar og medarbeidarar

Resultatmål 1: Har utvikla eit kompetansemiljø for leiing i staten, som i samarbeid med andre fagmiljø i og utanfor staten, bidreg til å utvikle leiing og leiarskap på statens egne premissar.

Som ledd i arbeidet med å utvikle eit kompetansemiljø for leiing, er det utarbeidd ein intern fagstrategi som gjev føringar for det vidare arbeidet. Difi skal vere premissleverandør og fagleg «nav», dele røynsler, og vere pådrivar av og setje i verk vedteken politikk.

I 2013 prioriterte vi å styrkje rolla som fagleg premissleverandør ved å bruke meir ressursar på kartlegging og dokumentasjon. Vi har arbeidd kontinuerleg med å styrkje koplinga mellom leiing, styring og organisering, blant anna gjennom å arbeide med leiingsspørsmål i tilknytning til samordning, digitalisering, og organisering av leiargrupper i verksemdar med ytre etat.

Medarbeidarundersøkinga 2013 er eit viktig kunnskapsgrunnlag. Undersøkinga er ei vidareutvikling av tidlegare undersøkingar og gjev kunnskap om faktorar som verkar inn på medarbeidarane sitt jobbengasjement og opplevd gjennomføringsevne i eiga verksemd. Resultata frå undersøkinga blir brukte aktivt i Difi sine eksisterande aktivitetar for leiarar og HR-tilsette, som «Ny som leder-programmet», Mentorprogrammet og «Tid for ledelse». Difi sitt mentorprogram er ein viktig arena for kunnskapsinnhenting. Derfor har vi i 2013 byrja arbeidet med å dokumentere leiingsdilemma og løysingsstrategiar som kjem fram gjennom programmet. Dette vil også vere underlag for vidare utvikling av verktøy og tilbod.

Difi la i 2013 fram rapporten «Å lede digitale endringsprosesser – hva er suksesskriteriene?». Rapporten gjev kunnskap om korleis leiing, forankring og ansvarsplassering er avgjerande for å lukkast med digitale endringsprosessar. Dette er kunnskap som både er viktig i arbeidet vårt med leiarutvikling generelt og i arbeidet vårt med å bidra til utvikling av digitaliseringskompetansen hjå leiarar spesielt.

I arbeidet vårt med å utvikle kompetansemiljø har vi også vore opptekne av å vidareutvikle rolla vår som eit fagleg «nav» for leiing i staten. På tampen av 2013 starta vi Difis nye møterekkje «Tid for ledelse». Eit viktig mål med tiltaket er å skape ein arena for å dele døme på god praksis, innanfor rammene av statleg leiarskap.

Hausten 2013 gjennomførte Difi ein HR-dag basert på Open Space-metodikken. Metodikken vart vald for at viktige leiings- og HR-tema kunne bringast til torgs, delast og diskuterast av HR-folk sjølv, og Difi fungerte også i denne samanhengen som fagleg «nav».

Vi meiner at prioriteringane våre av måtar å arbeide på, aktivitetar og samarbeid eksternt har medverka til at vi har utvikla kompetansemiljøet for leiing i staten, og gjennom det medverka til å utvikle leiing og leiarskap på statens eigne premissar.

Resultatmål 2: Formidlar kompetansen sin på ein måte som når ein stor del av den relevante målgruppa og blir oppfatta relevant og godt av desse.

Det har vore ei prioritert oppgåve å spreie kunnskap og resultat frå Medarbeidarundersøkinga 2013 til FAD, statlege verksemdar, fagmiljø, avgjerdstakarar og praktistarar. Resultata har vore presenterte på ulike konferansar, seminar og møte. Nytt av året er eit verktøy for dynamisk datavisning som gjer det mogleg for verksemdene å søkje etter dei dataa i undersøkinga som er mest relevante for dei.

Som ein del av vår pådrivarrolle for betre leiing og medarbeidarskap i staten, tilbyr vi ulike e-læringsverktøy. Kjennskapen til og etterspurnaden etter desse verktøya er stigande, men det er eit potensial for langt større bruk. Vi tilbyr desse verktøya som ei hjelp til det utviklingsarbeidet verksemdene sjølve gjer, men vi ser at desse verktøya ikkje alltid «sel seg sjølve». Marknadsføring i kombinasjon med rettleiing og støtte i bruken av verktøya er nødvendig. Vi har av den grunn prioritert å bruke ressursar på dette.

For å stimulere til best mogleg læring har vi lagt vekt på arbeid retta mot verksemdar og leiargrupper. Vi har halde ei rekkje rådgjevingsmøte der temaet har vore rettleiing i korleis dei ulike verktøya og verkemidla våre kan brukast i verksemdene sitt eige arbeid med leiing og kompetanseutvikling. E-læringstilboda våre er i tillegg marknadsførte på ulike interne og eksterne arrangement. Mange av tilboda våre er utforma som tilbod til enkeltindivid. Det er eit krevjande arbeid å rette desse inn mot verksemdsintern læring.

E-læringsprogrammet «Sats» er kjernen i tilbudet til nye leiarar, og kan gjennomførast både enkeltvis og som ein del av eit verksemdsinternt læringsopplegg. For å gje eit tilbod om eit blanda læringsløp, har vi som eit supplement til e-læringsprogrammet gjennomført to samlingar, fem Sats-kafear (lunsjsamlingar), og årskonferanse for leiarar.

E-læringsverktøyet «Snakk om utvikling» vart lansert desember 2012 som eit tilbod til statlege verksemder for gjennomføring av medarbeidarsamtalar. For å gje ei særleg hjelp i oppstartfasen og for å hauste røynsler, har Difi i 2013 gjennomført eit pilotprosjekt med fire statlege verksemder. Vi har i tillegg gjeve bistand til andre statlege verksemder som ynskjer å ta programmet i bruk.

Difi sine kurs, fagseminar, møte og ulike tilbod er møteplassar på tvers av verksemder. Deltakarane uttrykkjer jamt over at desse møteplassane er viktige, som fagleg nettverk for å dele og diskutere røynsler på feltet leiing og kompetanseutvikling. Deltakarane uttrykkjer også gjennomgåande at det faglege utbytet av tilboda frå Difi er stort, men mange peikar på at tilboda er for dårleg marknadsførte og lite kjende. For å nå ein større del av målgruppa vil vi derfor tenkje nytt og marknadsføre betre.

Resultatmål 3: Stør opp om kompetanseutviklinga i verksemdene på ein effektiv måte, blant anna ved bruk av digitale verktøy.

E-læringsprogram, kurs, seminar og konferansar er viktige verkemiddel for å styrkje kompetansen i staten. Vi har til saman 13 170 deltakarar på arrangementa, der 5 568 av desse er registrerte deltakarar på e-læringsprogram. Det er flest deltakarar i aldersgruppa 31-50 år som bruker tilboda og dei fleste er rådgjevar/saksbehandlar i statlege verksemder. Leiarar bruker mest konferansetilbodet. Deltakarane gjev gode tilbakemeldingar på at dei har fagleg utbyte av tilbodet og 71 % gjev totalscore mellom 5 og 6 på heilskapsinntrykket av arrangementa.

I 2013 vart fleire formidlings- og opplæringstiltak inkludert i større profileringskonferansar. Difi har gjennomført tre profilkonferansar på Difi sine strategiske område; Forvaltnings-, Anskaffings- og Digitaliseringskonferansen. Målet med profilkonferansane har vore å framheve fagområda opp på eit meir strategisk nivå i tråd med Difis strategi. Dette har vi lukkast med. Deltakinga har vore høg, og det var god bruk av strøymingstilbodet under og etter gjennomføringa av konferansane.

Evaluering av tilbodet i internasjonal kompetanse og behovskartlegging av opplæringstiltak i statsforvaltninga er gjennomført i 2013. Resultatet viser at vi stør opp om kompetanseutviklinga i statlege verksemder ved at tema og innhald er tverrsektorielle og treffer bra, men at effekten er låg då det er for få deltakarar frå kvar verksemd på dei ulike tiltaka. Kursa i internasjonal kompetanse vart vurderte som blant anna for lange og at vi måtte sikre at innhaldet var dagsaktuelt. Resultatet frå behovskartlegginga rår oss i større grad til å gå frå eit medarbeidarperspektiv til verksemdsperspektiv for å auke effekten av tiltaka ved at verksemdene kan inkludere dei i eigne kompetanseplanar.

Kartlegginga viste at alle kurstilboda våre er eigna som e-læringskurs, at det er ynske om tilbod med blanda læringsformer, og at ei omlegging til e-læringskurs vil føre til større effekt.

I 2013 har vi prioritert å vidareutvikle opplæringstilbodet i internasjonal kompetanse. I tråd med evalueringa har Difi, i samarbeid med relevante kompetansemiljø, gjort den internasjonale opplæringa meir komprimert; færre og faste opplæringsdagar, studiereiser er avvikla og opplæringa er flytta til Noreg. Det er eit ynske om meir bruk av frukostseminar som oppfølging og oppdatering. Difi har tilbode seks frukostseminar i samarbeid med Utanriksdepartementet på dagsaktuelle tema, tre i kvart semester. Tilbodet blir marknadsført som eit eitt års opplæringsprogram og blir derfor enklare å inkludere i dei interne kompetanseplanane i verksemdene. Omlegginga har vore vellukka. Deltakartalet auka hausten 2013 og det er fleire statlege verksemder som bruker tilbodet. Røynslene med effekten av å tilby e-læringsprogram gjer at vi i 2014 utviklar e-læring for kurset: Basiskunnskap om EU/EØS.

Framover ynskjer vi å sjå resten av kursporteføljen meir heilskapleg ved å tilby dei fleste av kurstilboda i eit program for nyttilsette i eit 1-2 års perspektiv. Det blir laga fleksibelt og vi aukar bruken av digitale verkemiddel slik at det blir høve for fleire verksemder å setje tilboda i eit system med eigne tiltak. Vi vil på denne måten sikre grunnkompetansen i forvaltningskunnskap meir effektivt. Tilbodet vil også vere ope for andre målgrupper enn nyttilsette. Frukostseminar, seminar og konferansar vil elles bli brukte for oppdatering og formidling av aktuelle tema og til formidling av tiltak innanfor dei strategiske områda for Difi og satsingsområde i staten.

I 2013 har vi auka kompetansen for medarbeidarar i bruk av blanda læringsformer. Vi har ferdigstilt pedagogisk rettleiar La stå!, etablert Difi sitt læringssyn og gjeve internopplæring med mål om kvalitetssikring i planleggingsprosessane av formidlings- og opplæringstiltaka våre. Vi held fram med kompetansehevingstiltak i 2014 og følgjer med på trendane, både teknologisk og metodisk.

Oppdrag

1. Difi skal starte arbeidet med å innføre ei digital læringsplattform i samarbeid med statlege verksemder.

Endeleg avgjerd om ei felles satsing på Digital opplæring i staten kom i samband med statsbudsjettet for 2014. Difi starta rett før årsskiftet 2013/2014 planlegginga av ei fireårig satsing frå 2014. For å skape eit felles digitalt læringstilbod og stimulere til kunnskapsdeling og gjenbruk, skal Difi:

- produsere fleire sentrale, digitale opplæringstiltak
- etablere og implementere ei felles læringsplattform for læring og kompetansestyring
- etablere ei tydeleg sentral eining som pådrivar og tilretteleggjar for kunnskapsdeling i staten.

2.1.3 Belastningsfullmakter

- Tilskot til kompetanseutvikling

Difi skal vidareføre arbeidet med oppfølging av avsetninga til kompetanseutvikling, medrekna bl.a.

- Overføre pengar til verksemder som partane tildeler støtte til og følgje opp at mottakarane bruker midlane i tråd med føresetnadene frå partane
- Publisere informasjon om ordninga og leggje til rette for at røymsler og kunnskapar frå prosjekta som får støtte kan delast og spreist.

Ordinær tildelingsrunde for søknader om kompetanseutvikling vart slutført innan utgangen av 2012. I 2013 vart det gjennomført ein ekstraordinær søknadsprosess blant prosjekt som hadde fått tildelt pengar gjennom ordinær søknadsprosess og som ynskte å utvide prosjektet. I alt 24,6 mill. kroner er tildelt til ulike føremål, inkludert spreingsprosjekt skildra nedanfor. Av desse er 16,3 mill. kroner utbetalt i 2013. Resten er søkt overført til 2014. Pågåande prosjekt er vortne følgde opp på ordinær måte gjennom jamleg kommunikasjon med aktuelle verksemder og mottak av prosjektrapportar.

Informasjon rundt ordninga blir hovudsakleg gjort gjennom Difi sine nettsider. Partane har behandla ein plan for utvikling av nettsida slik at dei også skal syte for spreing av røymsler og kunnskap frå prosjekt som får støtte. Denne nettsida vil bli ferdigstilt i framkant av spreingskonferanse som blir arrangert i regi av Difi i august 2014.

- Klarspråk

2013 var det fyrste året der arbeidet med klarspråk gjekk over i ein driftsfase. Difi har i samarbeid med Språkrådet, halde fram arbeidet med å auke merksemda om klart språk i staten, og å bidra til at statlege verksemder set i gang eigne klarspraksarbeid.

Belastningsfullmakta har hovudsakleg vore brukt på utvikling og tilrettelegging av den svenske klarspråkstesten til norske forhold (blir publisert på klarspråk.no i 2014), masterstipend til studentar som skriv masteroppgåve om klarspråk og honorar til juryen for Statens klarsprakspris.

Vi planla aktiviteten på klarspraksområdet i 2013 med utgangspunkt i den ordinære budsjetttramma. Midlar frå belastningsfullmakta som kom i slutten av april vart brukte til ekstra tiltak som vi gjennomførte i andre halvår. Underforbruket kjem av at vi ikkje hadde kapasitet til å gjennomføre fleire slike tiltak som kravde ekstra budsjettmidlar.

- Direktorata si rolle i statens styring av kommunane

Difi har gjennomgått den kommuneretta porteføljen og verkemiddelbruken til fem utvalde direktorat: Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Direktoratet for naturforvaltning, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Det vart gjennomført ei spørjeundersøking retta mot 106 kommunar for å få belyst røynslene ordførarar, rådmenn og fagansvarlege har med dei fem styringa og verkemiddelbruken frå dei fem direktorata. Ei fyrste oppsummering av dei funna som vart gjorde i dei to undersøkinga vart presentert i ein førebels rapport i juli 2013. Ein samla analyse, både av dei empiriske funna som vart presenterte i den førebels rapporten og av relevant FoU-materiale, vart presentert i ein sluttrapport i desember 2013. I rapporten vart det samla materialet analysert både ut frå omsynet til kommunal handlefridom og statens behov for styring på dei områda der kommunen har lovpålagde oppgåver (Difi-rapport 2013:14).

- **Informasjon om klagerett og vente- og saksbehandlingstider**

Departementet føresette at oppdraget skulle gjennomførast ved bruk av ekstern bistand. Difi utarbeidde kravspesifikasjon og oppdraget vart utlyst på Doffin. Konsulentfirmaet ideas2evidence vart tildelt oppdraget og leverte rapporten sin i august.

Undersøkinga vart gjennomført i desse etatane: Arbeids- og velferdsetaten (NAV) (arbeid og sosiale ytingar), Skatteetaten (folkeregistrering, utlikning av skatt, skattekort), Statens vegvesen (førarkort, omregistrering av bil), Utlendingsdirektoratet (UDI) (visum, opphaldsløyve, arbeidsløyve, statsborgarskap), Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) (institusjonar, fosterheimar, adopsjonar).

Kartlegginga byggjer på ei spørjeundersøking til ulike nivå i dei fem etatane, attåt intervju på leiarnivå i direktorata. Det vart også samla inn døme på standardbrev, rettleiarar, informasjonsskriv og serviceerklæringar frå dei fem etatane. Analysen av funn vart halden saman med funn frå Difi si innbyggjarundersøking.

Rapport frå undersøkinga vart oversendt FAD innan fristen.

- **Medarbeidarundersøking i staten**

Midlane er brukte til datainnsamling og tilarbeiding av data gjennomført av TNS Gallup, attåt bistand til tilleggsanalysar og rådgjeving i samband med rapportskriving. Undervegs i prosjektet vart det avgjort å kjøpe eit verktøy for dynamisk datavisning. Føremålet var å gjere resultata i medarbeidarundersøkinga tilgjengeleg for flest mogleg, og i ei slik form at ein ut frå interessene til verksemda kunne søkje samanhengar i data som var mest mogleg relevante. Midlane er også brukte til å delfinansiere dette verktøyet.

Piloten for dynamisk datavisning som vi leverte var innovativ, og vellukka som enkeltprosjekt Løysinga har ikkje vorte brukt så mykje som var forventa. Fyrste veka etter lansering vart det registrert 800 visningar, medan bruken gjekk raskt ned dei påfølgjande vekene. Framtidige undersøkingar krev ei vidareutvikling. Val av løysing bør sjåast i samheng med utviklingsarbeidet som blir gjort på innbyggjarundersøkinga.

Eitt av føremåla med verktøyet var å inspirere verksemder til å gjennomføre eigne undersøkingar og å kunne samanlikne resultata opp mot statens utvalsundersøking.

- **Inkluderande arbeidsliv – konferanse**

Difi har halde ein IA-konferanse 20. juni 2013 i Stavanger (Sola) med 90 frammøtte deltakarar. Konferansen var retta mot leiarar, tillitsvalde og IA-kontaktar i det statlege tariffområdet i Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder. Programmet på konferansen var utforma med tanke på å skape dialog mellom leiarar, tillitsvalde og IA-kontaktar for å nå måla i IA-avtalen.

Evalueringa viste at deltakarane var godt nøgde med konferansen.

Konferansen vart gjennomført i samarbeid med FAD og hovudsamanslutningane (LO Stat, YS, Unio og Akademikerne). Det vart lagt vekt på å trekkje inn lokale arbeidslivssenter som aktør og ressurs for å informere om sitt arbeid. Dette vart organisert av NAV Arbeidslivssenter Rogaland på vegner av dei tre fylka.

- **Trainéordning for personar med nedsett funksjonsevne**

I januar 2013 vart Trainéprogrammet utlyst i ein fellesannonse med ulike stillingar frå 21 statlege verksemder. Annonseren var god profilering av staten som ein attraktiv og mangfaldig arbeidsgjevar. Interesse frå søkjarane har også vore stor, og programmet fekk over 600 søknader fordelt på dei ulike stillingane. 25 stillingar vart fylte. Måla for ordninga er at statlege verksemder gjennom praktisk arbeid får meir røynsle med å rekruttere og leggje til rette arbeidsplassen for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne, og å leie og vareta mangfald på arbeidsplassen.

- **Administrative byrder**

Difi fekk i oppdrag frå FAD å lage ei oversikt over administrative byrder som blir opplevde som særleg tungvinte eller unødige belastande for innbyggjarane i supplerande tildelingsbrev nr. 2 for 2012. Etter avtale med FAD i desember 2012 vart det avgjort at Difi skulle gjennomføre ei lita undersøking blant nokre utvalde statlege verksemder og aktuelle interesseorganisasjonar på deira område for å kartleggje synspunkt på forhold som blir opplevde som unødvendige administrative byrder. Intervjua vart gjennomførte i perioden 20. desember 2012 - 22. januar 2013, og FAD fekk eit notat med ei oppsummering av kartlegginga i februar. Det låg ikkje i oppdraget å analysere og vurdere dataa.

2.2 Hovudmål 2: Offentleg sektor skal utnytte digitalisering til å tilby betre tenester og stø opp om oppgåveløysinga

Difi har i føregåande årsrapportar skrive at vi forstår målet som uttrykk for ein langsiktig ambisjon, som krev kontinuerleg arbeid, og vil vere noko å strekkje seg etter i eit lengre tidsperspektiv. Vurderinga er framleis gjeldande, men det tyder ikkje at det er stillstand. Vi ser ein stor vekst i bruken av ID-porten, med over 40 millionar transaksjonar i 2013 mot 27 millionar i 2012. Det er også stor vekst i talet på tenesteeigarar og tenester. Transaksjonsvolumet i Altinn aukar også mykje. Likevel ser vi at biletet i stor grad er prega av skjema på nett, og lite avanserte tenester. Det vart tydeleg dokumentert både i IT i praksis 2012 og i statusen Difi la fram på Digitaliseringskonferansen i mai i 2013. Den låge veksten i talet på tenester som krev høgaste tryggingnivå gjennom ID-porten, kan også tyde på det same.

Dei høge brukstala i ID-porten kan delvis skrive seg frå at brukarane er vortne meir digitalt modne. Både IT i praksis og Difis innbyggjarundersøking, begge frå 2013, viser at stadig fleire innbyggjarar føretrekkjer å bruke digitale tenester. Undersøkingane viser også at dei stort sett er nøgde med dei tenestene som finst. At BankID også kan brukast i ID-porten, går vi også ut frå verkar positivt. Det er likevel viktig å merke seg at det framleis er ein stor del av innbyggjarane som ikkje kan, eller vil, bruke digitale tenester. Difi ser behov for å styrkje innsatsen inn mot desse i tida framover.

Også i 2013 har det tyngste bidraget til måloppnåing frå Difi vore knytt til den digitale plattformen. Som eit døme vil vi trekkje fram samspelet mellom sjølvmeldingsløysinga, Altinn og ID-porten, som var ein av føresetnadene for at sjølvmeldingsperioden i 2013 fungerte som det skulle. Samarbeidet mellom dei tre ansvarlege etatane la grunnlaget for dette. ID-portens kvalitet, transaksjonsvolum og utbreiing bidreg sterkt til høg bruk av dei digitale tenestene som er etablerte, men har truleg liten innverknad på utviklingstakta av nye og meir avanserte tenester.

Planlegging og etablering av digital postteneste og eit felles register over innbyggjarane sin digitale kontaktinformasjon og reservasjonsstatus, var eit anna viktig arbeid i 2013. Vi forventar at desse fellesløysingane vil bidra godt til auka digitalisering i åra som kjem. Vi peikar likevel på at det finst konkurrerande postkasseløysingar, og at dette kan føre til at bruken av Difis digitale postkasse for innbyggjarar ikkje blir så omfattande som føresett. Vidare er det krevjande at innbyggjarane må vere motiverte til å velje ein postkasse. Samstundes er det viktig å få fram bodskapen om retten til å reservere seg mot digital post frå forvaltninga. Det er avgjerande å skaffe og etablere ei postkasseløysing med god kvalitet, til avtalt tid, og til ein breitt akseptert pris. Og det er avgjerande å syte for enkel, god og målretta informasjon.

Difi-rapport 2013:10 «Informasjonsforvaltning i offentleg sektor» viser tydeleg at auka merksemd om og betre forvaltning av informasjonen i verksemdene, er ein nøkkel til å fornye, forenkle og forbetre offentleg sektor.

God informasjonsforvaltning bidreg til meir og betre utnytting av verdiane som offentleg informasjon representerer gjennom auka gjenbruk og vidarebruk, og legg samstundes grunnlaget for god informasjonstryggleik. God kvalitet i og enkel tilgang til dei nasjonale grunndataregistra er openbert sentralt i denne samanhengen, til liks med arbeidet med Opne data og kampanjen Apps4Norge.

Vi haustar alt vinstar av nokre tiltak som er godt i gang. Samstundes ligg det framleis eit stort vinstpotensial ved å gå vidare med dei andre tiltaka som rapporten peikar på. Difi sitt mål om å få ulike fagområde til å spele betre saman, har ført til at vi har fått eit meir strategisk, heilskapleg grep om dette fagområdet.

Difi sin innsats med å sikre ei robust plattform medverkar til samordning og heilskap, som er avgjerande for å utløyse vinstane. Utan samordning vil det lett gjerast dobbeltarbeid, etablerast overlappende funksjonalitet, og dei digitale tenestene vil framstå som lite koordinerte og heilskaplege for brukarane. Det er likevel ei utfordring at plattformen består av ulike delar forankra i ulike styringsregime. Det utfordrar heilskapen, der både samordninga mellom dei ulike komponentane og bruken av dei, er prega av konsensuskultur, omkampar, frivillig innsats og svake styringsverkemiddel. Heilskapen er også prega av fleire premissgjevarar, som til dels har ulike prioriteringar.

Det tyngste arbeidet til måloppnåing må skje i verksemdene. Det er dei som kan fornye, forenkle og forbetre prosessane og tenestene sine. Digitalisering og IKT-utvikling har berre livets rett dersom det medverkar til ei verksemdsutvikling mot rimelegare og betre oppgåveløysing. Det er også berre dei som kan syte for at dei utvikla løysingane, blir opplevde som nyttige og enkle for brukarane deira. Difi stør opp om arbeidet med eksempelvis prosjektvegvisaren, arkitekturprinsipp, statusrapportar og kvalitetsmålingar. Dette er tiltak som i hovudsak treffer fagpersonar i verksemdene. Skal takta aukast, bør dette supplerast med tiltak som aukar den strategiske digitale kompetansen hjå leiarane. Eit sterkare digitaliseringstrykk i linjene, bør også setjast inn. Dette er område vi planlegg å styrkje i inneverande år.

2.2.1 Delmål 2.1: Forvaltninga skal ha tilgang til nasjonale felleskomponentar

Resultatmål 1: ID-porten er robust og sikker, og har ei positiv utvikling i talet på tenesteeigarar, talet på tenester og bruksvolum

ID-porten har i 2013 vore i stabil drift og alle krav til yting og tilgjenge har vore oppfylte. Det har vore få driftshendingar og ingen større driftsavbrot jf. tabell på neste side med oversikt over styringsparametrar.

Difi har saman med Brønnøysundregistra (Altinn) og Skattedirektoratet (SKD) delteke i eit felles prosjekt for å sikre god yting i systema for utlegging av sjølvmeldinga på nett i 2013.

Målet om 300 000 innloggingar per time eller 84 per sekund vart oppnådd. Ytingstestar i BankIDs infrastruktur var også ein del av prosjektet. Det vart også gjennomført ei rekkje heilskapstestar av ID-porten og Altinn i samanheng.

Bruksvolumet av ID-porten har auka mykje, frå ca. 27,4 millionar i 2012 til 40,0 millionar innloggingar i 2013.

Innlogging med eID på høgt tryggingnivå har auka frå 1,7 millionar i 2012 til 12,3 millionar innloggingar i 2013. Ein stor del av auken kjem av at ID-porten no er einaste innlogging til Altinn på høgt tryggingnivå. Bruken av tenester som krev innlogging på høgt tryggingnivå har i 2013 auka med 681 %. Som døme var det 235 654 innloggingar til e-resept i løpet av året.

BankID vart tilgjengeleg for bruk i ID-porten i november 2012. Totalt har 24 prosent av innloggingane i ID-porten vorte utførte med BankID i 2013.

Det har i 2013 vore god utvikling i tenester kopla mot ID-porten, der talet på integrasjonar har auka frå 238 i 2012 til 437 i 2013. Utviklinga i tenester med høgt tryggingnivå går likevel seint. Talet på integrasjonar har her auka frå 5 til 6. Talet på tenesteeigarar som har inngått samarbeidsavtale med ID-porten, har også auka med 16 prosent.

I 2013 var det 32 prosent færre førespurnader til brukarstøtte for ID-porten sjølv om bruken av ID-porten auka stort. Dette kjem truleg av at sluttbrukaren over tid har vorte meir fortruleg med innlogging til digitale tenester.

ID-porten har i 2013 oppfylt både Difis egne og eksterne krav til løysinga i samsvar med resultatmålet.

Styringsparametrar for ID-porten 2013:

Driftsstatistikk	2013	2012
Talet på transaksjonar i ID-porten	40 026 181	27 463 901
Talet på transaksjonar nivå 3	27 786 228	25 666 996
Talet på transaksjonar nivå 4	12 239 953	1 796 905
Talet på tenesteeigarar som bruker ID-porten (Avtaler)	316	273
Talet på integrasjonar gjennom ID-porten på nivå 3	431	233
Talet på integrasjonar gjennom ID-porten på nivå 4	6	5
Brukarstøtte		
Telefonsamtalar det er svara på	131 688	192 889
Gjennomsnitt samtaletid	03:43	03:46

SLA	Krav	Gjennomsnitt for 2013
Oppetid ID-porten	99,90 %	99,99 %
Responstid ID-porten	90 % kortare enn 3 sek	90 % kortare enn 3 sek

Resultatmål 2: Nasjonale felleskomponentar fungerer i samanheng

Difi har i 2013 særleg arbeidd mot dette resultatmålet gjennom to område.

Skate

Difi har gjennom Skate arbeidet målretta med felleskomponentane. Skate drøfta våren 2013 si eiga rolle, og avgjorde i mars å konsentrere innsatsen sin om nasjonale felleskomponentar i den digitale infrastrukturen, og her ta eit strategisk styrande ansvar. Dette inneber blant anna å ta eit felles ansvar for at felleskomponentane fungerer i samanheng, og leggje heilskaplege rammer for forvaltning og vidareutvikling av felleskomponentane.

Eit fyrste steg på vegen har vore å arbeide med eit felles vegkart for dei nasjonale felleskomponentane. Arbeidet har skjedd i regi av Difi i samarbeid med verksemdene i Skate. Vegkartet skal synleggjere samanhengar mellom felleskomponentane og skape meir føreseielege forhold for tenesteeigarar.

Gjennom dette arbeidet har deltakarane i Skate som er både tenesteeigarar og felleskomponentforvaltarar, etablert ei felles forståing av utfordringsbiletet. Det er semje om korleis ein innanfor eksisterande styringsstrukturar best kan arbeide vidare mot å etablere felles målsetnader og ei heilskapleg samordning og forvaltning av felleskomponentane. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2014.

Samanhengande og veldokumentert arkitektur

I arbeidet med sikker digital post til innbyggjarar har Difi skildra arbeidsprosessar, roller og aktørar, informasjonsflyt, systemkomponentar m.m. Gjennom anskaffinga har leverandørane levert forslag til løysingar som er evaluerte i forhold til desse arkitekturskildringane. Det vil seie at Difi gjennom dette prosjektet har etablert ein arkitektur som viser samanhengen mellom kontakt- og reservasjonsregister, meldingsformidlar og postkassar. I tillegg er det godt dokumentert kva roller dei ulike aktørane i samhandlinga skal ha.

Hausten 2013 leverte Difi ein rapport om meldingsutveksling i offentleg forvaltning. Rapporten identifiserer og analyserer ulike konsept for utveksling av ustrukturert informasjon mellom offentlege verksemder. Difi har starta arbeidet med å greie ut korleis digital post til private verksemder, som krev sikring, skal løysast i framtida. Dette arbeidet skjer i samarbeid med Brønnøysundregistra, Skattedirektoratet og KS. Vi har i 2013 også starta arbeidet med å utarbeide ein strategi for ID-porten med tilhøyrande arkitektur. I tillegg har Difi hatt ansvaret for arkitekturarbeidet i eSENS. Arbeidet med felles forvaltningsstandardar er også basert på behova som er komne fram gjennom desse aktivitetane.

Arbeidet som er gjennomført i 2013 har medverka til å utvikle ein samanhengande arkitektur og grunnlag for å ta avgjerd om løysingar som kan stø opp om digitalisering av tenestene i offentlege verksemder. Det er likevel behov for å arbeide vidare med dette når det gjeld eSENS, sikker post til verksemder og strategi for ID-porten.

Vi meiner etter dette at resultatata for 2013 er tilfredsstillande.

Oppdrag

1. Difi skal innan fyrste halvår 2014 etablere ei løysing for sikker digital post mellom forvaltninga og brukarane basert på konseptet om valalternativ mellom fleire marknadsbaserte, digitale postkassar.

Difi er godt i gang med å etablere Sikker digital postteneste for innbyggjar. Når løysinga er klar, kan innbyggjarane velje ein digital postkasse for å ta mot og oppbevare post frå forvaltninga, trygt, sikkert og så lenge dei sjølvne ynskjer. Det blir forhandla med leverandørar av digitale postkassar og meldingsformidlartenester. I forhandlingane blir det lagt vekt på kvalitet, tryggleik og brukarvenleg løysing, og prisar som gjer tenesta attraktiv for avsendarar i offentleg sektor.

I halvårsrapporten 2013 varsla Difi at det er høgt sannsyn for at Sikker digital postteneste ikkje er klar til å setjast i produksjon innan 1.7.2014. Som departementet er orientert om i jamlege kontaktmøte, planlegg ein no for at november 2014 blir tidspunkt for produksjonssetjing av løysinga. Forhandlingane blir gjennomførte som planlagt, og framdriftsplan for etablering og testing er under utarbeiding. Tre avsendarverksemder er interesserte i å delta i testing av løysinga og ta ho i bruk tidleg. Dette er viktig for å få til realistisk og god gjennomgåande test. Arbeidet er omfattande og krevjande for alle involverte. Kvalitet, tryggleik og brukarvenleg løysing er det viktigaste og må vere vareteke før løysinga blir opna for innbyggjarar og avsendarverksemder.

2. Difi skal utgreie korleis meldingsutveksling internt i forvaltninga og mellom offentleg forvaltning og næringsliv, bør gå føre seg.

I november leverte Difi rapport nr. 2013:13 Meldingsutveksling internt i forvaltninga. Rapporten har sett nærare på korleis forvaltninga samhandlar og skisserer ulike konsept for korleis meldingsutveksling bør gå føre seg i framtida.

Siktemålet er å effektivisere saksbehandlinga, ikkje berre ved spart tid til postgang, men også ved å leggje til rette for meir automatisert saksbehandling. I 2014 vil Difi utgreie dei tre mest aktuelle konseptta og gjennomføre ei utprøving av eitt av dei.

Difi er godt i gang med å utgreie løysing for at offentlege verksemder skal kunne sende digital post til private verksemder (føretak og organisasjonar med eige organisasjonsnummer).

Prosjektet blir gjennomført som eit samarbeidsprosjekt mellom Difi, Brønnøysundregistra, Skattedirektoratet og KS. Det har teke noko tid å avklare roller og ansvar mellom dei ulike deltakarverksemdene. Dette har medført at tilrådingane frå arbeidet fyrst vil bli fremja eit godt stykke ut i 2014.

2.2.2 Delmål 2.2: Statlege verksemdar skal tilby sikre digitale tenester med høg bruksverdi for innbyggjarar

Resultatmål 1: Fleire av dei viktigaste brukartenestene frå forvaltninga er digitaliserte.

Difi si statuskartlegging våren 2013² dokumenterte at det berre er ein liten auke i talet på digitale tenester i statsforvaltninga sidan 2011, og at det framleis er mange av dei statlege innbyggjarretta tenestene som har papirskjema som hovudløyising. Samstundes viste kartlegginga fleire gode døme på oppgåveprosessar som ved relativt liten utviklingsinnsats hadde realisert store vinstar, både for brukaren i form av enkle og brukarvenlege løysingar på nett og for verksemda i form av færre tidkrevjande publikumsførespurnader. Resultata frå kartlegginga vart presenterte på Difis Digitaliseringskonferanse 2013. Statuskartlegginga fekk mykje merksemd, og bidrog til eit auka trykk på digitaliseringsarbeidet. Kartlegginga viste at det ikkje alltid er store ressurskrevjande digitaliseringsprosjekt som skal til for å oppnå store vinstar for både brukar og verksemd.

Ein annan indikasjon på om forvaltninga digitaliserer tenestene sine er kor mange som bruker ID-porten for pålogging. Her er digitale tenester frå både stat og kommune talde med. Vi ser ein auke i talet på digitale tenester som bruker ID-porten for pålogging i 2013. Sjå meir under delmål 2.1.

Sjølv om det er ein viss auke i talet på tenester som er digitaliserte, går det etter Difi si oppfatning for sakte, og det er behov for fleire tiltak framover.

Resultatmål 2: Delen brukarar av dei offentlege digitale tenestene aukar, og kor tilfredse dei er med offentlege digitale tenester aukar.

Ein viktig faktor for auka bruk og å vere tilfreds med digitale tenester er at tenestene er enkle å finne og enkle å bruke. Difi sin innsats har konsentrert arbeidet om desse tiltaka:

Norge.no

Omlegging av Norge.no til ein tenestekatalog over statlege og kommunale digitale tenester gjer det lettare å finne og velje digitale løysingar framfor tradisjonelle papirskjema eller oppmøte.

² http://www.difi.no/filearchive/digitale-tjenester-i-staten-statuskartlegging_1.pdf

Dette gjeld særleg for brukarar med låg forvaltningskompetanse Samstundes vart Norge.no si generelle svarteneste på e-post, telefon og nettprat lagd ned, og nummeret overført til brukarstøtte for ID-porten. I samband med Difi si omlegging av Norge.no til ein tenestekatalog, vart det gjort forsøk på å få verksemdene til å melde inn delen som bruker dei digitale tenestene og bruksvolum av tenestene. Svarprosenten er likevel så låg at dataa ikkje kan brukast til å anslå bruk av digitale tenester. Det vil derfor ikkje bli gjort vidare forsøk på å innhente data om bruksvolum og del av brukarar som vel digitale tenester ved hjelp av Norge.no sitt registreringsskjema for tenester. Men i 2014 vil det bli gjort forsøk på automatisk oppdatering av tenester i portalen.

Omlegginga av Norge.no frå ein generell innbyggjarportal til ein tenestekatalog medførte at vi ikkje kan samanlikne trafikktalet før og etter endringa. Som forventa viser trafikken i månadene etter omlegginga ein nedgang i bruk av nettstaden. Mot slutten av året viser tala ein stigande tendens. I 2014 er trafikken forventa å auke vidare, særleg når Norge.no blir hovudkanal på nett for informasjon om digital kommunikasjon, her også medrekna informasjon om reservasjon og kontaktregister.

Kvalitet på nett


Difi skal vere ein pådrivar for at verksemdene skal prioritere brukskvalitet og universell utforming på løysingane sine. Difi (og tidlegare Norge.no) har i 10 år vurdert og rangert 700 offentlege nettstader etter eit kriteriesett som fokuserer på brukskvalitet og tilgjenge. Gjennomføringa av årets vurderingar, konferanse og prisutdelingar fekk mykje merksemd frå media, gode tilbakemeldingar frå verksemdene og vi vurderer at tiltaket hadde god effekt på måloppnåing.

I 2012/13 gjennomførte Difi ei eignevaluering av tiltaket og ei spørjeundersøking hjå nettredektørane i dei 700 verksemdene som kvart år blir vurdert. Resultatet av evalueringa viste at Kvalitet på nett er eit kraftfullt verkemiddel som har direkte effekt på kvaliteten på nettstaden og som samstundes er med på å halde diskusjonen om brukskvalitet levande. Rapporten tilrådde også at Kvalitet på nett blir vidareutvikla. Som ei oppfølging av dette starta Difi hausten 2013 arbeidet med å utvikle indikatorar for brukskvalitet i digitale tenester. Endringane er vortne godt mottekne av verksemdene, og etter planen skal det gjennomførast vurderingar av digitale tenester etter ny innretning hausten 2014.

ID-porten

Ei felles påloggingsløysing som innbyggjaren kan bli kjend og fortruleg med på tvers av verksemdar og tenester er med på å senke brukarterskelen for digital kommunikasjon. Ei felles gjenkjenneleg løysing på tvers av verksemdar og tenester gjer innlogging/autentisering til ei vesentleg mindre hindring enn om brukaren skulle møtt eit utal ulike påloggings- og autentiseringsløysingar med ulike nivå, brukarnamn og passord. Av trafikktalet frå ID-porten kan ein sjå at delen brukarar av digitale offentlege tenester har auka frå 2012 til 2013.

Trafikktala kan brytast ned på tal unike brukarar fordelt på månader, noko som er vist i figuren under.



Figuren viser at talet unike brukarar av offentlege digitale tenester gjennom ID-porten auka alle månader i 2013 samanlikna med tilsvarande månad året før. Størst var auken i april 2013, då talet på unike brukarar auka med 88 % samanlikna med same månad året før. Alt i alt var det 2 000 852 unike brukarar av offentlege digitale tenester i april 2013 mot 1 061 708 i april 2012. Tidsserien dokumenterer at det frå 2012 til 2013 har vore ein auke i delen brukarar av offentlege digitale tenester.

SSB-undersøkinga «Bruk av IKT i husholdningene» hadde i 2013 generelle spørsmål knytte til kor tilfredse innbyggjarane er med offentlege nettsider. 64 % av dei spurde var stort sett nøgde med kor enkelt det er å finne informasjon på offentlege nettsider, og 65 % er stort sett nøgde med nytta av den tilgjengelege informasjonen. Det kan synast som om det er eit skilje i tilfredsheit mellom dei som er brukarar av elektronisk forvaltning og dei som ikkje er det. OECD-undersøkinga PIAAC frå 2013 ser på vaksne sine ferdigheiter innanfor lesing, rekning og problemløysing i IKT-miljø. Resultata frå undersøkinga indikerer at fleire enn ein tidlegare har rekna med, ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å kommunisere med forvaltninga digitalt. Hausten 2013 starta Difi opp ein studie av digital kompetanse i befolkninga, med det føremålet å skaffe meir kunnskap om innbyggjarane sin digitale kompetanse og kva det er som gjer at innbyggjarar ikkje kan eller vil kommunisere med det offentlege digitalt. Prosjektet blir slutført i 2014.

Innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført av Difi i 2013, var fyrste gong det vart stilt spørsmål knytte til innbyggjarane si tilfredsheit med offentlege digitale tenester.

2013-resultata kan derfor i åra framover brukast som referansenivå for å måle endring i tilfredsheita med offentlege digitale tenester. 2013-undersøkinga viser at innbyggjarane generelt har eit «delvis godt inntrykk» av digitale tenester. Påstanden blir støtta av at alle spørsmål om digitale tenester får mellom 51 og 70 poeng på ein skala frå 0 til 100. Det innbyggjarane er mest nøgde med, er å kunne utføre oppgåver på Internettet sjølv (68 poeng). Vidare er dei godt nøgde med innloggingsløyser på Internettet (66 poeng). Dei er minst nøgde med høvet til innsyn i personleg informasjon det offentlege har om ein via Internett (54 poeng).

Difi sine tiltak har som føremål å stimulere til auka bruk av digitale tenester og til å betre brukskvaliteten i dei digitale tenestene retta mot innbyggjarane. Som punktlista over viser, ser vi ut frå indikatorar i Difi-regi og frå eksterne kjelder ein auke i bruken av digitale tenester og auka tilfredsheit med offentlege digitale tenester i samsvar med resultatmålet for 2013.

Resultatmål 3: Difi si rolle i styring og samordning av IKT i offentleg sektor blir vurdert positivt i relevante miljø mot at ho er verknadsfull og blir utøvd på ein god måte.

Måloppnåing avheng av forventningane i dei «relevante miljøa», og er derfor vanskeleg å måle. Det må også sjåast i lys av innleiande tekst under hovudmål 2, og blir vurdert innanfor dei rammvilkåra vi skildrar der. Med dette atterhaldet, vil vi likevel kommentere dette:

- Difi får svært positive tilbakemeldingar frå deltakarane i styringsrådet for ID-porten og digital post. Tilbakemeldingar er gjevne via questback og i møta, der evaluering er fast post i agendaen.
- Ei brukarundersøking viser at 65 % av dei offentlege verksemdene som svara, er tilfredse eller svært tilfredse med arbeidet med tilrettelegging for vidarebruk av opne data. Av dei verksemdene som har vore i kontakt med Difi, er 84 % tilfredse eller svært tilfredse. 86 % av vidarebrukarane er tilfredse eller svært tilfredse.
- Standardiseringsrådet vurderer Difi si koordinering og tilrettelegging for standardisering i offentleg sektor som god innanfor rådande rammer. Det blir likevel gjeve uttrykk for ynske om at Difi burde prioritere fleire ressursar til dette.
- Talet på deltakarar på kurs og nettverksmøte for informasjonstryggleik aukar, og kursa blir positivt vurderte.

Resultatmål 4: IKT-tryggleiken i statsforvaltninga blir styrkt gjennom auka risikoforståing og auka bruk av styringssystem.

Seksjon for informasjonstryggleik i avdeling for digital forvaltning vart etablert i 2013. For å auke kompetansen på styringssystem for informasjonstryggleik i statsforvaltninga, er det gjennomført totalt fem sertifiseringskurs i ISO27001 lead implementer. Invitasjonen til kursa vart sendt ut breitt og kursa vart raskt fullbooka. Det var totalt 97 deltakarar frå 52 ulike verksemder på kursa.

Difi har også inngått ein avtale med Standard Norge som gjev einingane i statsforvaltninga fri tilgang til standardane som inngår i «tryggleikspakka», ISO27001-27005.

For å auke trygging kompetansen generelt og bidra til erfaringsutveksling er det halde møte i nettverk for informasjonstryggleik i offentleg sektor (Nifs) og arrangert eit eige tryggleiksseminar. Difi har også medverka med føredrag på fleire konferansar og i samband med nasjonal tryggleiksmånad.

Ein hovudaktivitet for hausten 2013 var å få betre innsikt i behova verksemdene har på informasjonstryggleiksområdet. Det er derfor arrangert ein behovskartleggings-workshop med totalt 59 deltakarar frå 43 statlege verksemdar. I tillegg er det i gjennomført intervjustudier i samarbeid med Sintef, for å få meir djupnekunnskap og innsikt i behova.

Oppdrag

1. Difi skal etablere ei permanent eining for informasjonstryggleik. Eininga skal leggje til rette for ei felles tilnærming til informasjonstryggleiken i statsforvaltninga.

Difi har i 2013 etablert ein seksjon for informasjonstryggleik i avdeling for digital forvaltning. I 2013 vart det tilsett seksjonsleiar og fire nye medarbeidarar, i tillegg til at tre eksisterande medarbeidarar i Difi gjekk inn i seksjonen. Seksjonen vil bli vidare styrkt med inntil fire medarbeidarar i 2014.

2. Difi skal utgreie om statlege innkrevjarar skal sende elektronisk faktura til næringslivet.

Fristen er utsett i samråd med FAD. Vi tek sikte på å ferdigstille arbeidet fyrste halvår 2014.

3. Difi skal utarbeide ei oversikt over prioriterte sektorovergripande IKT-tiltak og hjelpe departementet i vurderinga av IKT-satsingsframlegg i samband med statsbudsjettet.

Difi har hjulpet departementet ved gjennomgang av satsingsframlegg. Gjennomgangen gjev oversikt over planlagde tverrsektorielle satsingar. Difi har vurdert å etablere ei innrapporteringsordning for IKT-relaterte prosjekt, men i dialog med departementet kome fram til at ei slik innrapporteringsordning ville kunne medføre ei krevjande rapporteringsbyrde for statlege verksemdar med usikker nytteverdi. Det kan likevel vurderast om det framover er auka behov for ei oversikt over IKT-prosjekt under innslagspunktet for KS 1 og KS2, for på sikt å kunne gjere meir kvalifiserte vurderingar av pågåande prosjekt, og eventuelt prioritering mellom desse.

Delmål 2.3 Statsforvaltninga skal leggje til rette for innovasjon og inkludering i samfunnet

Resultatmål 1: Vidarebruksarbeidet har effekt i form av fleire data tilgjengelege for vidarebruk, bruken aukar og det er tilfredsheit med Difi si tilrettelegging for vidarebrukarar.

Dei ulike elementa i resultatmålet er følgde opp slik:

a. Auka mengd data tilgjengeleg for vidarebruk

I 2013 har talet på datasett auka til 1047 offentlege datasett. Ved inngangen til 2013 var det 185 tilgjengelege datasett. Auken må derfor karakteriserast som stor. Dette har medført at Noreg no figurerer i toppen på fleire internasjonale indeksar over tilgjengelege opne data, andre plass på World Wide Web Foundation si oversikt og fjerde plass på Open Knowledge Foundation sin indeks. Resultatmålet er nådd.

b. Auka bruk av offentlege datasett

Gjennom å arrangere Apps4norge vart det levert inn eit 50-tals bidrag i form av appar, tenester osv. som tok i bruk opne data. I tillegg ser vi ein jamn vekst i bruk av dei tilgjengelege datasetta i takt med at talet på tilgjengelege datasett aukar. Sjølv om vi ikkje har eit godt datagrunnlag, er det ingen tvil om at tilgjengeleggjing av sentrale datasett som einingsregisteret (Brønnøysundregistra), statistikkbanken (SSB), norsk vegdatabank (Statens vegvesen) og data frå Helsedirektoratet, har medført auka vidarebruk.

c. Tilfredsheit med Difi si tilrettelegging for vidarebrukarar

Hausten 2013 gjennomførte Difi ei undersøking blant offentlege verksemder og vidarebrukarar av offentlege data. 106 vidarebrukarar fekk tilsendt undersøkinga på e-post. Sjølv om berre 22 % av desse svara, gjev svara nyttige råd for det vidare arbeidet med å gjere offentlege datakjelder tilgjengelege for vidarebruk. Av dei 24 vidarebrukarane som har svara, er 86 % «tilfredse» eller «svært tilfredse» med tilrettelegginga frå Difi. Av fleire nyttige innspel er særleg behov for betre struktur og navigeringsrom på data.norge.no særleg relevant.

Resultatmål 2: Difi oppnår høg tilfredsheit med rettleiingsfunksjon for universell utforming av IKT hjå brukarar, leverandørar og framtidige pliktsubjekt.

I den førebels strategien til tilsynet er rettleiing identifisert som eitt av dei viktigaste verkemidla for å oppnå universell utforming på ikt-området.

Med utgangspunkt i at tilsynet formelt vart oppretta 1. juli i år, har hovudaktiviteten på rettleiing vore knytt til etablering av ein nettstad som kjelde til informasjon om forskrift og krava i denne.

Nettstaden uu.difi.no vart lansert 1.juli, samstundes med at forskrifta om universell utforming av IKT vart sett i kraft. Nettstaden er den viktigaste kanalen tilsynsverksemda har for å nå ut med regelverksinformasjon og rettleiing på områda som forskrifta dekkjer. Målet er å leggje til rette for at verksemdene blir kjende med og forstår krava i forskrift om universell utforming av IKT.

I andre halvår vart nettstaden utvida med meir rettleiing om universell utforming av nettløysingar og automatar. Dette omfattar blant anna løysingsframlegg for å oppfylle krava i forskrifta, kodedøme, illustrasjonar og animasjonar.

Nettstaden gjev brukarane høve til å gje tilbakemeldingar om relevans og informasjon dei ikkje forstår eller som dei meiner manglar. Mange av tilbakemeldingane er positive, men nokre brukarar ynskjer meir presis informasjon om korleis ein skal utforme løysingane. Saman med førespurnader til uu@difi.no og nettstatistikk er dette viktig styringsinformasjon for den framtidige innretninga på rettleiingsfunksjonen i tilsynet.

Med bakgrunn i den korte levetida for nettstaden og ressursituasjonen under oppbygging av tilsynet er det ikkje gjennomført brukarundersøking på nettstaden. Dette er planlagt gjennomført i 2014 og vil deretter bli gjennomført jamleg. Etter lansering har det vore 6359 besøk på nettstaden. I ei intervjuundersøking med 1 150 verksemdar gav 7 prosent opp at dei hadde besøkt nettstaden, og 72 prosent av desse svara at dei fann informasjonen dei var ute etter.

Vi meiner at status i dette arbeidet er tilfredsstillande og i rute.

Oppdrag

1. Difi skal i samband med vedtak om forskrift om universell utforming av IKT etablere ein tilsynsfunksjon. Det er viktig at tilsynsfunksjonen får nødvendig grad av uavhengnad frå dei andre innsatsområda til Difi.

Difi har i 2013 etablert tilsynet som ein eigen seksjon i avdeling for digital forvaltning. Fem eksisterande medarbeidarar er overflytta til seksjonen og det er tilsett tilsynsleiar og ein teknolog. Det er planlagt tilsetjing av ein jurist og to teknologar i 2014.

Tilsynet har utarbeidd ein førebels kommunikasjonsstrategi, gjort ein innleiande analyse av pliktsubjekt og interessentar og starta arbeidet med tilsynsstrategi og tilsynsmetodikk.

2. Difi skal følge opp funksjonen som nasjonal kontaktpunkt for CIP IKT-programmet på ein måte som sikrar tidleg identifisering av innretning på utlysingar og varsling og oppfølging av aktuelle prosjektkandidatar

Difi har vareteke rolla som nasjonalt kontaktpunkt for IKT-delen av EU-programmet Competitiveness and Innovation (CIP). Gjennom denne rolla har Difi informert aktuelle søkjarar om programmet, om utlysingar, søknadsprosedurar og krav til prosjekt. Før utlysinga for 2013 vart opna, utarbeidde Difi ei rekkje nyhendeartiklar på www.difi.no for å førebu potensielle søkjarar på moglege tema i utlysinga. Det vart også halde møte og presentasjonar i relevante forum, og skrive ein kronikk om utlysinga i media. Difi deltok på den internasjonale informasjonsdagen om 2013-utlysinga.

2.2.3 Belastningsfullmakter

- UTF-8

Difi har lagt til rette for bruk av samisk språk i det offentlege, særleg i offentlege register, gjennom koordinert overgang til teiknsettstandarden UTF-8 i forvaltninga. Difi har rolla som rådgjevar, tilretteleggjar og observatør i samband med offentlege verksemders sin overgang til denne standarden, som også inneheld dei samiske særteikna. Målet med tildelinga er å gjere det enklare for dei offentlege verksemdene å ta i bruk samisk språk og oppfylle lovpålagde plikter knytte til representasjon av samiske teikn i offentlege register. Det er også eit mål at offentlege register skal fungere med alle teikn som blir brukte i samisk og at utveksling av data skal fungere mellom registra.

2.3 Hovudmål 3: Offentleg sektor skal gjennomføre samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta anskaffingar

Hovudføremålet med gode innkjøp er å bidra til verdiskaping. Skal ein oppnå verdiskaping krev dette at verksemdene i offentleg sektor greier å sjå heilskapleg på innkjøpsarbeidet.

Utfordringa ligg i endring frå fragmenterte operative og strategiske innkjøpshandlingar til ei strategisk verdiskapande teneste for verksemda. Dersom potensialet for forbetringar skal takast ut, er det framleis behov for å løfte anskaffingar som eit strategisk verktøy, men leiarforankringa er framleis ikkje god nok. Strategisk verksemdsutvikling gjennom anskaffingar, føreset at anskaffingar ikkje blir sedde på som ein «back-office funksjon».

Utfordringane krev ei kontinuerleg utvikling med tanke på strategisk forankring, profesjonalisering og effektivisering av anskaffingsfunksjonen. For å møte utfordringa er det viktig at det blir utvikla og formidla kompetanse til innkjøparar, innkjøpsleiarar og verksemdsleiarar.

I den årlege undersøkinga PwC har gjennomført i samarbeid med Difi, ser vi ein auke i innkjøpsmodning innanfor dei fleste dimensjonane som Difi meiner det er nødvendig å måle og ha oversikt over. Majoriteten av verksemdene meiner det er viktig å etablere ein innkjøpsstrategi som står opp under den overordna strategien til verksemda. Fleire stadfester at dette alt er på plass, og at det har vore ei positiv utvikling dei siste åra.

Undersøkinga viser ei aukande erkjenning av den rolla innkjøp har i å stø den berekraftige verdiskapinga i verksemda og realisering av deira strategiske mål. Dette inneber eit aukande behov for å utnytte innkjøpsfunksjonen som eit verkemiddel for å oppnå dei strategiske måla til verksemda.

Rapporten fastslår likevel også i år at norske verksemder har noko å strekkje seg etter når det gjeld å realisere potensialet som ligg i leiande innkjøpspraksis. PwC understrekar at på alle område ligg det offentlege eit stykke unna det som blir omtalt som leiande praksis. Totalt sett scorar norske verksemder seg som middels modne innanfor 8 av 11 dimensjonar. Vidare indikerer undersøkinga at dei statlege verksemdene har kome lenger enn kommunesektoren.

Dei 11 dimensjonane er:

- Innkjøpsstrategi og styring
- Behovsplanlegging
- Strategisk leverandør- utveljing
- Kontraktstyring
- Bestilling til betaling
- Leverandør- oppfølging
- System og teknologi
- Roller og ansvar

-
- Måling og oppfølging
 - Risikostyring
 - Organisasjon og kompetanse

Skilnaden mellom dei statlege verksemdene og kommunane kan, i følgje PwC, tyde på at målretta tiltak retta mot innkjøpsarbeidet i dei statlege verksemdene, har hatt ein positiv effekt på utviklinga til desse verksemdene.

Det er også grunn til å tru at gapet mellom statlege verksemdene og kommunane kjem av at statlege verksemdar har tilgang på ein større kompetansebase og kapasitet enn den jamne kommunen i Noreg.

Områda med størst gap opp til dei statlege verksemdene ser ut til å vere Innkjøpsstrategi og styring, Behovsplanlegging, Roller og ansvar, attåt Måling og oppfølging. Måling og oppfølging ser ut til å vere det desidert største utfordringsområdet for kommunane. På den andre sida er det liten skilnad mellom staten og kommunane når det gjeld leverandør oppfølging.

Difi bruker resultatane frå statusundersøkinga når vi planlegg vidare tiltak.

Dei viktigaste verkemidla for å nå hovudmålet har vore rettleiing av statlege verksemdar gjennom anskaffelser.no, svar på enkeltførespurnader, nettverksarbeid, seminar, kurs og konferansar, i tillegg til omfattande opplærings- og utviklingstiltak overfor store statlege verksemdar. Difi har i 2013 halde i overkant av 200 eksterne føredrag i ulike samanhengar.

Anskaffingskonferansen hadde i år 650 deltakarar.

Sjølv om vi meiner at Difi samla sett har oppnådd mykje på anskaffingsområdet, er det framleis eit stort urealisert gevinstpotensial. Ei hovudutfordring vil vere å arbeide vidare med å realisere vinstpotensialet. Her vil særleg ei betre innkjøpskategoristyring vere det viktigaste verkemidlet. Difi har lagt eit metodegrunnlag i 2013.

Difi har i 2013 tilrettelagt for digitalisering av anskaffingsprosessar gjennom støtte til enkeltprosjekt, rettleiing via anskaffelser.no og gjennom konferansar og kurs. Talet på offentlege verksemdar med abonnement på Ehandelsplattforma har auka med 36 % i 2013 til 276, samstundes har omsetningsvolumet auka med 34 % til nærare 7,9 milliardar kr. Delen elektronisk faktura til statleg sektor er mot slutten av 2013 nærare 37 %, og dei aller fleste statlege verksemdar, 69 % av alle kommunar og alle fylkeskommunar kan no ta mot faktura i elektronisk handelsformat (EHF). Den positive utviklinga er forventa å halde fram i 2014.

Difi har på oppdrag frå andre departement også bidrege vesentleg til arbeidet med handlingsplan for miljø og samfunnsansvar, innovasjon, lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar, sosiale og etiske omsyn. Dette er omtalt i rapportar til dei enkelte departementa.

2.3.1 Delmål 3.1: Offentlege oppdragsgjevarar sin kompetanse og evne til å sikre god organisering og styring og effektive og kvalitetsretta anskaffingar er styrkt

Resultatmål 1: I kva grad omfang, kvalitet og brukartilfredsheita av rettleiings- og opplæringstilbodet er god og kor vidt statistikkgrunlaget for offentlege anskaffingar er styrkt.

Samla sett har Difi vidareført eit omfattande rettleiings- og opplæringstilbod, samstundes som det er vidareutvikla på viktige område. Tilbakemeldingane frå brukarar er gjennomgåande gode. Det er vidare lagt eit grunnlag for betre statistikk på området.

Organisering, styring og effektivisering

I 2013 har Difi utarbeidd rettleiing og verktøy som skal gje betre styring av anskaffingane i verksemdene. Det er utarbeidd rettleiing i innkjøpsanalyse og verktøy for kostnadsinnsparingar. Vidare er strategirettleinga revidert slik at ho inngår i ei rettleiing om korleis innkjøp skal bli ein del av den sentrale styringsprosessen i verksemda (med fokus på mål- og resultatstyring).

PWCs modningsanalyse viser vidare at 64 % av verksemdene meiner det er viktig å etablere ein anskaffingsstrategi som stør opp om den overordna strategien i verksemdene. Undersøkinga indikerer såleis at det framleis er ein del som ikkje ser verdien av korleis innkjøp som støttefunksjon skal stø opp under kjerneverksemda. Vidare har berre halvparten av verksemdene utarbeidd og vedteke ein anskaffingsstrategi i relevant avgjerdsorgan. Det går fram av undersøkinga at 13 % av verksemdene i stor grad gjennomfører anskaffingar basert på ein kontraktstrategi. Det kan synast som at verksemdene er meir opptekne av å ha på plass ein avtale, enn å dekkje verksemda sine behov, og/eller å bidra til verdiskaping

Difi har også utvikla eit nytt verktøy for sjølvevaluering av kor modne innkjøpsverksemdene er. Verktøyet for sjølvevaluering har medverka til at anskaffingsmodellen er vorten revidert. Han byggjer no på eit internasjonalt anerkjent verktøy for kvalitetsheving i offentlig forvaltning, CAF (Common Assessment Framework).

I snitt er «Måling og oppfølging» den dimensjonen som verksemdene scorar som minst moden, medan «Roller og ansvar» er den dimensjonen verksemda scorar som mest moden. Ingen av verksemdene har scora seg som leiande praksis. I årets undersøking har statlege verksemdar scora seg som mest modne innanfor 9 av 11 dimensjonar i forhold til privat og kommunal sektor. Det er grunn til å tru at årets undersøking stør opp om at tiltaka som er sette inn i offentlig sektor dei seinare åra, no viser seg å gje vinstar.

Verktøya som skal gje betre styring er utvikla i 2013. Det står att å pilotere verktøya slik at vi kan tilpasse dei brukarane sine behov. Det vil også vere behov for å marknadsføre dei og halde kurs til brukarane. Dette er planlagt for 2014.

Difi har hausten 2013 starta utvikling av verktøy for planlegging og gjennomføring av anskaffingar som skal bidra til å forbetre og effektivisere offentlege anskaffingar.

Difi har gjennomført to kursrekkjer i planlegging, gjennomføring og oppfølging av anskaffingar med vekt på tema som er spesielt viktige (og som ofte er vanskelege) for å oppnå gode anskaffingar. Det har også vore arbeidd med nye malar for konkurransegrunnlag.

IKT-anskaffingar, bygg- og anlegg, leverandørutvikling

Difi har gjennomført ei særleg satsing på IKT- anskaffingar og Bygg- anlegg og eigedom (BAE).

Difi har styrkt rettleiing for IKT-anskaffingar med eit nytt rettleiingsområde på portalen anskaffelser.no. Det nye rettleiingsområdet omfattar ulike IKT-anskaffingar, og fagstoff om tverrgåande tema som planlegging av IKT-anskaffingar, risikohandtering, skytenester, standardar og Fri Programvare. Det er også utvikla ein ny kontrakt for Smidig systemutvikling. Portalen vart lansert 16. januar 2014 på Fagdag for IKT-anskaffingar. I tillegg til fagdagen har det vore gjennomført innførings- og fordjupingskurs i Statens Standardavtalar.

På BAE-området har Difi i 2013 prioritert å vidareutvikle rettleiing om Livssykluslønningar (LCC) og leige av eigedom. I 2013 er det utvikla eit kursopplegg for LCC.

Tilbakemeldingane og oppslutninga på opplæringstilbodet har gjennomgåande vore gode. På fagdagen for IKT-anskaffingar var det ventelister for å delta og gjennomgåande gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Innanfor BAE-området har det i 2013 vore ei omfattande profilerings- og føredragsverksemd for å få auka bruk av verktøya på anskaffelser.no, noko som har resultert i over 60 % auke i brukarar av verktøyet Tidleg LCC. Verktøyet er ein kostnadskalkulator for å gjere analysar av livssykluslønningar i tidleg fase i eit byggjeprojekt.

Ei offentleg anskaffing har to sider - innkjøpssida og leverandørsida. For å oppnå målet om effektive offentlege anskaffingar er det viktig å rette innsatsen også mot leverandørane. Difi har hatt møte med næringslivs- og bransjeorganisasjonar om samarbeidstiltak og kva for tiltak som var viktigast å starte opp med. Ei fast ressursgruppe er oppretta.

Arbeidet med å etablere eit eige område på anskaffelser.no med informasjon og rettleiing for leverandørar er sett i gang. Ressursgruppa deltek med innspel. Gruppa har også delteke i arbeidet med Doffin ved overgang til ny leverandør for å leggje til rette for god funksjonalitet for leverandørane. Difi har også halde frukostseminar for oppdragsgjevarar om korleis dei kan leggje til rette for god leverandørdialog og -aktivering.

Brukartilfredsheit med rettleiings- og opplæringstilbodet

Difi har gjennomført opplæring gjennom kurs og gjennom statlege og regionale nettverk. Det er halde ei rekkje kurs, frukostmøte og seminar i regi av Difi. Vi har også delteke i ei rekkje eksterne arrangement, gjeve direkte rettleiing i prosjekt som blant anna i Forsvarsbygg som har vedteke ny strategi, og vi har delteke i nettverk både for innkjøparar, leiarar, leverandørar og premissgjevarar. Tema har vore samfunnsnyttige og effektive anskaffingsprosessar, innovasjon, regelverk, miljø- og samfunnsansvar. Vi får tilbakemelding om at det er behov for at vi bidreg ute i dei faglege miljøa, samstundes som det er behov for kurs og seminar på fagområdet. Evalueringane gjev høg score på brukartilfredsheit. I tillegg har det vore gjennomført seminar for å heve kompetansen for endringar i regelverket for offentlege anskaffingar.

Anskaffelser.no

Det vart i 2013 oppretta ein eigen nettredaksjon med to tilsette for å styrkje anskaffelser.no som formidlingskanal.

Mesteparten av ressursane i 2013 gjekk til arbeidet med å flytte nettstaden frå dagens publiseringsplattform (ZTM), til ny publiseringsplattform (Drupal). Det er rydda opp i innhaldet i portalen, det er inngått rammeavtale med ekstern leverandør av webdesign, og det er arbeidd med nye malar. Føremålet er at nettsidene skal bli meir brukarvenlege, innhaldet skal bli lettare å forvalte, og det tekniske rammeverket skal bli enklare å forvalte og utvikle. Arbeidet skal etter planen avsluttast fyrste halvår 2014.

Talet på besøk på anskaffelser.no var 225 000 i 2013, dvs. ein auke på 14 %.

Statistikkgrunnlaget for offentlege anskaffingar

Målet for arbeidet med betre statistikk om anskaffingar er å få fram faktisk grunnlag for identifisering, prioritering og oppfølging av forbetringstiltak, attåt internasjonale rapporteringsforpliktingar til, bl.a. OECD og WTO. Målgrupper for slik data er, forutan verksemdene si eiga leiing, politisk leiing, styringseiningar i departementa, pressa og academia som grunnlag for forskning om offentlege anskaffingar.

I 2013 har Difi pilotert bruk av rekneskapsdata som grunnlag for styringsdata og statistikk i verksemdene under Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Piloteringa har stadfest at rekneskapsdata kan brukast til dette føremålet når verksemdene har teke i bruk statens standard kontoplan (pålagt frå og med 2014). Det blir satsa på å utvikle dette arbeidet på tvers av sektorane i 2014. Vidare vil ny versjon av Doffin gje eit betre statistikkgrunnlag.

Difi har også i 2013 samla inn statistikk for statens totale kjøp av flyreiser, som grunnlag for kjøp av nasjonale klimakvoter.

Oppdrag

- 1. Difi skal delta i sekretariatet for det offentlege utvalet som skal gjennomgå den særnorske delen av anskaffingsregelverket, og skal ved behov hjelpe FAD i arbeidet med gjennomføring av nye anskaffingsdirektiv frå EU.**

Difi deltek i forenklingsutvalet og hjelper også departementet med gjennomføringa av nye direktiv.

- 2. Difi skal ferdigstille rettleiar for anskaffingar av helse- og sosialtenester.**

Difi har på oppdrag frå departementet laga ein rettleiar for helse- og sosialtenester som vart ferdigstilt og publisert i august 2013.

2.3.2 Delmål 3.2: Det er auka utbreiing av elektroniske verktøy i anskaffingsprosessane

Resultatmål 1: Omfang av støtte, rettleiing og tilrettelegging for elektronisk handel

Difi har sidan 2012 gjeve støtte til enkelte prosjekt for implementering av e-handel i enkeltverksemder eller innkjøpssamarbeid. Støtta er gjeven etter søknad frå offentlege verksemder, og blir gjeven etterskotsvis basert på bruk av prosjektvegvisarmetodikk, gjennomførte aktivitetar og oppnådde resultat. I 2013 mottok St. Olav Hospital, Region Nord-Trøndelag, Gjøvik-regionen, Øvre Romerike Innkjøpssamarbeid (ØRIK) og Ålesund kommune slik støtte.

I same periode har Difi gjeve støtte til enkeltstillingar i offentlege verksemder. Målet med dette har vore å etablere prosjekt i innkjøpssamarbeid som skal overførast til lokal finansiering etter enda prosjektperiode. Mottakarane av slike støttemidlar rapporterer månadleg til Difi, som systematiserer røynsler i prosjekta og dokumenterer kva vinstar prosjekta gjev. Desse verksemdene/innkjøpssamarbeida har fått støtte i 2013: Bergen kommune, Interkommunal innkjøpsordning Nedre Romerike (IINR) og Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Difi har i 2013 arrangert eller delteke i 194 arrangement/kurs for 4491 deltakarar, med budskap retta inn mot nye og eksisterande brukarar av elektronisk handel.

I eigen regi har vi arrangert:

- Brukarkonferansen to gonger (abonnentar på Ehandelsplattforma), med ca. 300 deltakarar

-
- Leverandørkonferansen med ca. 270 deltakarar
 - Elektronisk faktura konferansen med ca. 450 deltakarar
 - 4 kurs i Prosjektvegisaren for e-handel med ca. 100 deltakarar
 - Kjøpar/leverandørforum med ca. 40 deltakarar
 - Aksesspunktforum, 2 gonger, med ca. 100 deltakarar

Resultatmål 2: Auka bruk av elektronisk handel som følgjer satsinga på sentralfinansiering og støtteaktivitetar, medrekna fleire abonnentar og auka volum på Ehandelsplattforma

Talet på offentlege verksemder med abonnement på Ehandelsplattforma auka frå 203 til 276, ein auke på 36 %. Ehandelsplattforma er tilknytt den PEPPOL-baserte infrastrukturen for meldingsformidling, og alle brukarar kan handtere EHF-dokument for katalog- og ordreprosessar. Mot slutten av 2013 har ytterlegare 10 tenestetilbydarar knytt seg til den PEPPOL-baserte infrastrukturen med støtte for EHF-katalog og/eller EHF-ordre. Inkludert brukarane av Ehandelsplattforma kan 655 verksemder ta mot EHF-ordre og 363 ta mot EHF-katalog ved utgangen av 2013.

Omsetning på Ehandelsplattforma i 2013 enda på i underkant av 7,9 milliardar kroner, fordelt på i underkant av 600 000 ordrar. Omsetninga har auka med 33,7 % frå 2012.

I 2013 er det henta inn mykje erfaringsdokumentasjon frå prosjekt som har fått støtte frå Difi, både finansielt og fagleg. Denne erfaringsdokumentasjonen er delt med nye prosjekt og skal strukturast og gjerast tilgjengeleg på nettsidene våre. Det er utarbeidd generiske prosjektplanar for brukarane av dei største innkjøpsløysingane i offentleg sektor, Visma og Agresso. Her har Difi lagt til rette for forenkla planlegging og prosjektgjennomføring ved å koordinere prosjektaktivitetane frå leverandøren av innkjøpsløysinga, operatør av Ehandelsplattforma og prosjektmetodikk frå Prosjektvegisaren. I tillegg er prosjektmetodikken på Prosjektvegisaren oppdatert og justert basert på tilbakemeldingar frå brukarane i andre offentlege verksemder.


Basert på røynsleane med Elektronisk handelsformat (EHF) og PEPPOL-basert meldingsformidling på e-fakturaområdet, har Difi i 2013 introdusert PEPPOL-basert meldingsformidling og nye EHF-dokumenttypar for katalog-, ordre- og leveransehandtering. I denne samanhengen er det laga rettleiarar for EHF Katalog, EHF Ordre og ordrestadfesting og EHF Pakksedel. Arbeidet er basert på europeisk standardiseringsarbeid i CEN BII (CEN Workshop on Business Interoperability Interfaces in Public Procurement in Europe) og OpenPEPPOL AISBL (ein internasjonal non-profit-organisasjon etablert av sentrale deltakarar i PEPPOL-prosjektet), der Difi deltek aktivt. Rettleiarane er utforma med tanke på å setje både ikkje-teknisk og teknisk personell i stand til å implementere dei nye formata eller stille krav til systemleverandørane sine om slik implementering.

Difi har også laga verktøy for bruk av dei nye formata retta mot leverandørmarknaden generelt og SMB-marknaden spesielt. Dette dreier seg om ein lettfatteleg innføringsrettleiar, ein EHF Katalogmal der leverandørar til offentleg sektor enkelt kan konvertere produktskildringar laga i rekneark til ei XML-fil som enkelt kan overførast til oppdragsgjevarar gjennom PEPPOL-infrastrukturen for meldingsformidling.

Det er også laga ein demonstrasjons-film for utfylling av kataloginnhald. EHF Katalogformatet tilbyr også felt for å vise varer med miljømerke, sosialt ansvar, opphavsland og økologisk mat som vil påverke innkjøparar som bruker elektronisk katalog til å ta val i samsvar med dei krava som er stilte i konkurransen. EHF Ordre inneheld også desse felte for at kjøpande verksemdar kan måle innkjøpsatferda.

Resultatmål 3: Auka utbreiing av elektronisk faktura, i form av auka del innkomande elektroniske fakturaer til stat og kommune og auka tal mottakarar av EHF-dokument.

